

## 5.trinn: Informasjon til heimen november/desember

Takk for kjekke samtalar førre veke. Me har mykje kjekt framfor oss dei siste vekene før jul. Då kan det vera greitt med ein oversikt for dykk heime! Noko kjem det nærare informasjon om etter kvart som det nærmar seg.

Hugs symjing alle fredagar fram til jul. Elevane er svoltne og tørste når dei er ferdige i bassenget, det kan vera lurt med litt drikke og ein frukt i badebagen.

### Veke 46:

*Tysdag 15.:* Zerodag, elevane treng ikkje ha med noko anna enn matpakke/drikke denne dagen:

*Onsdag 16.:* Me besøker bokbåten. Her får me høyra Bjørn Ousland fortelja om korleis han lagar teikneseriefiguren Bisk. Me går ned til Sletta kai, hugs gode klede og sko!

### Veke 47

*Tysdag 22.:* Klassefest på skulen på kvelden.

*Onsdag 23.:* Klassetur til Bergen. Me besøker historisk museum og Egypt-utstillinga. Ta med mat og drikke. Me køyrer privatbiler. Muleg me kjem litt etter at skulen sluttar, men alle vert i såfall levert heime eller etter avtale.

*Fredag 25.:* Besøk på Manger folkebibliotek. Blir kjend med biblioteket og får høyre om nokre kjekke bokserier for denne aldersgruppa. Me går først i bassenget, og tek badebussen heim litt seinare.

### Veke 48

*Måndag 28.:* Første adventssamling i gymsalen. Det er 1.-2. klasse som har ansvar for denne.

### Veke 49

*Måndag 5.:* Andre adventssamling i gymsalen. Det er 3.-4. klasse som har ansvar for denne.

*Onsdag 7.:* Juleverkstad for heile skulen. Det kjem nærare informasjon om denne.

*Torsdag-fredag 8.-9.:* Workshop i digitale forteljingar. Symjing som vanleg.

### Veke 50

*Måndag 12.:* Tredje adventssamling i gymsalen. Det er barnehagen som har ansvar for denne.

*Torsdag 15.:* Skulegudsteneste i Emigrantkyrkja.

### Veke 51

*Måndag 19.:* Fjerde adventssamling i gymsalen. Det er 6.-7. klasse som har ansvar for denne(mulig dette går ut, grunna øving til juleavslutning). Juleavslutning på samfunnshuset på kvelden.

*Tysdag 20.:* Siste skuledag. Ferdig til lunsj.